

Kjære foreldre/føresette!

Balestrand, juni 2017

Å gå på internatskule er spennande! Det kan også vere spennande for dykk som sit heime og som ikkje lenger har så god kontroll som før. Vi som er tilsette på Sygna vil gjere vårt beste for at den enkelte eleven skal ha det trygt og godt. Erfaringa viser at dei aller fleste finn seg raskt til rette og trivs godt, men vi veit også at internatlivet kan by på utfordringar. Vi trur likevel at vi med god kontakt til heimen har eit godt utgangspunkt for å følgje opp den enkelte elev på ein god måte. I det høve har vi nokre spørsmål til dykk.

Ønskjer de å sette nokre avgrensingar for kor dykkar son/dotter kan reise i helgene? Vi ser då bort frå turar/ekskursjonar i regi av skulen.

Når elevane skal på turar/ekskursjonar, nyttar vi ofte leigde bussar med sjåfør, men av og til er vi avhengige av å kunne køyre elevar med Sygna sine bilar eller privatbilar. Då er det oftast tilsette som er sjåførar. Dette kan gjelde obligatoriske turar, men også frivillige turar på fritida. Vi ønskjer ikkje å nytte elevar som sjåførar, men har likevel også med eit spørsmål vedrørande dette viss det skulle kome til å bli nødvendig.

Vi legg ut glimt frå aktivitetar på Sygna si heimeside slik at interesserte kan følgje med i det som skjer. Datatilsynet krev at vi innhentar løyve hjå føresette for å legge ut bilete av umyndige elevar (større fellesbilete krev ikkje denne godkjenninga). Sjølv sagt vil redaktørane sjå til at bileta ikkje kan vere krenkjande på nokon måte. Elevar blir berre namngitt med førenamn på nettet.

Vi ønskjer å halde god kontakt til foreldre og føresette gjennom skuleåret. Eit av tiltaka vi nå førebur er oppretting av foreldreutval. Dette vil vi kome attende til på opningsfesten. Elles vil også de som har elevar under 18 år kunne få tilgang til SkoleArena. Her kan de følgje med på fråvere og karakterar undervegs i året. Vi har laga eit dokument som orienterer om prosedyre for å få tilgang på SkoleArena. Dersom de oppgir e-postadressa dykkar, vil vi sende dette så snart skuleåret har starta. Det er også fint for kontaktlærarane å kunne nå dykk på e-post i andre saker der det er nødvendig.

Vi ber om at de fyller ut og returnerer skjemaet på baksida av denne orienteringa til skulen innan **20. juli 2017.**

Sjå baksida...

Namn på eleven: _____

Spørsmål:	Ja	Nei	Merknad:
Dottera/sonen vår får lov til å reise andre stader enn heim i helgene/feriane.			Viss nei: Det er i orden at ho/han reiser til Dersom det er aktuelt med andre besøk, vil vi kontakte skulen og gje løyve i det enkelte tilfelle.
Dottera/sonen vår kan delta på turar/ekskursjonar i skulen sin regi.			
Dottera/sonen vår får lov til å sitje å <u>med tilsette</u> ved turar og ekskursjonar i skulen sin regi.			
Dottera/sonen vår får sitje på <u>med medelevar</u> ved turar og ekskursjonar i skulen sin regi.			
Det kan leggjast ut bilete med førenamn av dottera/sonen vår på nettsida til Sygna.			

Kommunikasjon til heimen:

Vi har tidlegare innhenta kontaktinformasjon til heimen via svararket for skuleklass. Eventuelle **endringar** kan førast under.

Namn: Postadresse: E-postadresse (med blokkbokstavar): Mobil:
Namn: Postadresse: E-postadresse (med blokkbokstavar): Mobil:

Dersom eleven blir myndig i løpet av skuleåret:

Avtalen gjeld berre inntil eleven fyller 18 år, viss ikkje eleven skriftleg samtykkjer til noko anna.

Dato og underskrift av foreldre/føresette: _____

Returner slippet til skulen på e-post eller i posten.

E-post: sygna@sygna.vgs.no, **Post:** Sygna vgs, Sygnavegen 15, 6899 Balestrand